



Meland kommune

**Møteprotokoll
for
Utval for drift og utvikling**

Møtedato: 01.04.2014

Møtestad: Meland rådhus - kantina

Møtetid: 16:00 – 18:15

Møtet starta med synfaring i samband med UDU.sak 028/14 og 029/14.

| Møtedeltakarar | Parti | Rolle |
|-------------------------|-------|-------------|
| Anne Grete Eide | AP | Medlem |
| Atle Håtuft | FrP | Utvalsleiar |
| Henriette Fennelly | FrP | Medlem |
| Jorunn Signe Brakstad | H | Medlem |
| Leif Johnsen | MDG | Medlem |
| Per Kristian Holmetun | SP | Medlem |
| Ragnar Bratland | H | Nestleiar |
| Silje Ingelin Sæterstøl | V | Medlem |
| Tormod Skurtveit | AP | Medlem |

Følgjande frå administrasjonen møtte: Sektorsjef teknisk Anny Bastesen

Utval for drift og
utvikling 02.04.2014

Atle Håtuft
leiar

Lillian Straumøy Brakstad
Konsulent

| |
|--|
| |
| |

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---------|--|
| 24/2014 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 25/2014 | Godkjenning av møtebok |
| 26/2014 | Referatsaker |
| 27/2014 | Delegerte saker |
| 28/2014 | Klage DNT vedtak 108/10 - Vilkår i ferdigattest - Gnr 23 bnr 221 - Galtenesvegen 118 |
| 29/2014 | Klage på DNT.vedtak 010/14 - avslag på søknad om dispensasjon for frådeling av parsell i Beitingen, gnr 4 bnr 5. |
| 30/2014 | Høyring, framlegg til kollektivstrategi for Hordaland |
| 31/2014 | Handlingsplan trafikksikring 2014 |
| 32/2014 | Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-meters beltet mot sjø og frå kommuneplanen sin arealdel for utviding av kommunalt VA-anlegg på Frekhaug, gbnr 23/2. |
| 33/2014 | Aktuelle saker |

Klikk her for å skrive inn tekst.

24/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

"Sakliste og innkalling vert godkjend."

25/2014: Godkjenning av møtebok

Vedtak:

"Møtebok for Utval for drift og utvikling frå møte 11.03.2014 vert godkjend utan merknader."

26/2014: Referatsaker

Vedtak:

"Utval for drift og utvikling tek referatsakene til etterretning."

28/2014: Klage DNT vedtak 108/10 - Vilkår i ferdigattest - Gnr 23 bnr 221 - Galtenesvegen 118

Behandling:

Utvælet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Vedtak:

"Utval for drift og utvikling kan ikke sjå at klagar har kome med nye opplysningar i saka som skulle tilsei at vedtak om ferdigattest datert 12.11.2013 vert omgjort. Klage datert 27.12.13 vert ikke teke til følgje.

Det vert til til saksutgreiinga og vurderinga over som grunngjeving for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd."

29/2014: Klage på DNT.vedtak 010/14 - avslag på søknad om dispensasjon for frådeling av parsell i Beitingen, gnr 4 bnr 5.**Behandling:**

Utval for drift og utvikling var på synfaring før vedtak vart fatta.

Framlegg til vedtak i møtet:

"Utval for drift og utvikling syner til innkomen klage dagsett 02.02.2014 og finn at det er kome fram nye moment som gjev grunn til å endre vedtaket i DNT.sak 010/14.

Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel for oppretting av ny grunneigedom til bustadføremål og til oppføring av bustad på gnr 4 bnr 5.

Som grunngjeving for dispensasjon vert rekna:

- Det er ført fram veg, vatn og avlaup til tomten.
- Betre arrondering av bebygd område, skjemmande skjæring vert dempa og dumpeplass for søppel kjem under kontroll.
- Trafikksituasjonen vert ikke endra då kjøpar bur på staden.
- Arealet har ingen landbruksmessig verdi, heller ikke umiddelbart nærliggjande areal.

Tiltaket kan ikke setjast iverk før det er godkjend etter pbl kap. 20. Dispensasjonen fekk vekk dersom den ikke vert nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.

Utval for drift og utvikling gjev samtykke til deling etter § 12 i jordlova.

Etter vedtekne sakshandsamingsreglar vert vedtaket oversendt Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-/samfunnsplanavdelinga og Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga for klagevurdering."

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå administrasjonen 0 røyster for, 9 i mot og fall.

Framlegg til vedtak i møtet fekk 9 røyster for, 0 i mot og er såleis vedteke.

Vedtak:

"Utval for drift og utvikling syner til innkomen klage dagsett 02.02.2014 og finn at det er kome fram nye moment som gjev grunn til å endre vedtaket i DNT.sak 010/14.

Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel for oppretting av ny grunneigedom til bustadføremål og til oppføring av bustad på gnr 4 bnr 5.

Som grunngjeving for dispensasjon vert rekna:

- Det er ført fram veg, vatn og avlaup til tomten.
- Betre arrondering av bebygd område, skjemmande skjæring vert dempa og dumpeplass for søppel kjem under kontroll.
- Trafikksituasjonen vert ikkje endra då kjøpar bur på staden.
- Arealet har ingen landbruksmessig verdi, heller ikkje umiddelbart nærliggjande areal.

Tiltaket kan ikkje setjast iverk før det er godkjend etter pbl kap. 20. Dispensasjonen fekk vekk dersom den ikkje vert nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.

Utval for drift og utvikling gjev samtykke til deling etter § 12 i jordlova.

Etter vedtekne sakshandsamingsreglar vert vedtaket oversendt Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-/samfunnsplanavdelinga og Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga for klageurdering.”

30/2014: Høyring, framlegg til kollektivstrategi for Hordaland

Framlegg til vedtak:

Meland kommune er positiv til at det blir utvikla ein kollektivstrategi for Hordaland. Kommunen ber likevel om at tilliten til kollektivtilbodet blir heva og at kollektivtransport i sterke grad får status som det beste alternativet. Val av buss, tog, bane eller båt må bli sidestilte og samkjørte alternativ til bilbruk. Dersom framlegget til kollektivstrategi blir sluttbehandla i si noverande form bør det snarast startast eit arbeid med ein kollektivstrategi som i sterke grad fangar opp både miljøutfordringane og strukturane som gjev underlag for den sterke veksten i regionen

31/2014: Handlingsplan trafikksikring 2014

Behandling:

Framlegg til vedtak i møtet:

"Som framlegget frå administrasjonen med følgjande tillegg:

Ved neste revisjon av trafikksikringsplan for Meland ber UDU administrasjonen vurdere trafikksikringstiltak langs fylkesvegen frå Frekhaug senter til Meland Aktiv."

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå administrasjonen 0 røyster for, 9 imot og fall.

Framlegg til vedtak i møtet fekk 9 røyster for, 0 i mot og er såleis vedteke.

Vedtak:

Utval for drift og utvikling godkjenner at følgjande trafikksikring tiltak vert gjennomført i 2014:

1. Etablering av veglys langs gangvegen mellom Grønlandsvegen og Holtermandsvegen på Frekhaug.

2. Mindre trafikksikringstiltak

Tiltaka skal ikkje overstige ramma i økonomiplanen på 300 000 kr.

Ved neste revisjon av trafikksikringsplan for Meland ber UDU administrasjonen vurdere trafikksikringstiltak langs fylkesvegen frå Frekhaug senter til Meland Aktiv."

32/2014: Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-meters beltet mot sjø og frå kommuneplanen sin arealDEL for utviding av kommunalt VA-anlegg på Frekhaug, gbnr 23/2.

Vedtak:

Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 dispensasjon frå det generelle forbodet itbl. § 1-8 – forbod mot byggjetiltak i 100- meters beltet langs sjø, friområde i reguleringsplan for Nordgarden, og arealdelen av kommuneplanen ferdelsområde i sjø, for utviding av kommunalt VA anlegg på Frekhaug i samsvar med søknad stempla motteke 29. november 2013 og som vist på situasjonskart datert 15.10.2013.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Det må innhentast samtykke etter Havne- og farvannsloven § 27 frå Bergen og Omland Havnevesen før tiltaket i sjø kan gjennomførast.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det er godkjent ettertbl. kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jfr. Pbl. § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

33/2014: Aktuelle saker

Vedtak:

Følgjande tema vart teke opp:

- Universell utforming restaurant i Frekhaug senter.
- Framdrift - søknad om tiltak på gbnr 49/151.
- Ressurssituasjonen og sakshandsamingstid - Tenesteområde plan - utbygging - kommunalteknikk.
- Avslag på frådeling gbnr 22/3 - oppføring av bustad på gbnr 22/156.
- Riving av hytte og oppføring av ny hytte - gbnr 45/112.
- Forankring av flytebrygge på Holmeknappen.